

RAUDT

- ALTERNATIVET TIL VENSTRE



Terje Kollbotn
3. kandidat

Torstein Dahle,
1. kandidat

Lene Lunemann,
2. kandidat

Chievr Ali,
2. fjerdekandidat

Vi vil vere din stemme på
Stortinget!

WWW.RAUDT.NO





1. KANDIDAT - TORSTEIN DAHLE

er partileiar i Raudt og Lektor ved Høgskulen i Bergen. Torstein har sete i Bergen bystyre for Raudt (RV) i over 20 år og er i er ein av dei mest profilerte lokalpolitikarane i Bergen. På Stortinget kjem hans tallkunskaper godt med for å kunne avsløre snusk og korrupsjon.



2. KANDIDAT - LONE LUNEMANN

er yrkesskuleelev innafor byggfag. Lone har jobba med internasjonal solidaritet og antikrigsarbeid og som utvandrar frå Nord-Noreg brenn Lone for å få stansa regjeringas planar om oljeutbygging i Lofoten og Vesterålen.

RAUDT ER EIN GARANTIST MOT FRP

Ein stemme til Raudt er ein stemme så langt unna Siv Jensen og Frps politikk som det er mogleg å komme. Til hausten skal Raudt vere ein kompromisslaus motstander av Framskrittspartiet sin privatisering og rasisme og på Stortinget. Vurderar du å røyste Raudt skal du vite at vi er ein garantist mot FrP-politikk uansett kvem som fremmar ho.



RAUDT VIL VERE EIN OPPOSISJON FRÅ VENSTRE

Noreg trenger meir, ikkje mindre venstrepolitikk dei neste fire åra. Då trenger den raudgrønne regjeringa ein solid venstreopposisjon. Ein regjering som har sendt soldater til Afghanistan, satt Noregssrekord i oljeboring og aukt oljefondets investeringar i dei internasjonale finansmarknadene har behov for ein dagleg rett venstre på Stortinget. Til hausten skal Raudt vere på plass for å halde dem i øra.

RAUDT ARBEIDER PÅ GRASROTA

Raudts beste vener og allierte er utenfor Stortinget, i fagforeningar og andre folkelege bevegelsar. I motsetning til andre partier ønskjer vi å arbeide saman med bevegelsane, ikkje tie dem i hjel. Frå hausten av vil Raudt vere ein høglytt og offensiv røyst for grasrota i maktas korridorar i viktige spørsmål som uførepensjon, likelønnsrott og regulering av finansmarknadene.

RAUDT TØR Å TENKJE STØRRE

Dei andre partiene slåss om å administrere kapitalismen, og kappes om å kaste penger etter bankene for å gjenopprette business as usual på børsen. Raudt tør å tenkje større, og vil kaste dagens økonomiske system på historias skraphaug til fordel for eit system som set mennesker, og ikkje profitt, i sentrum.

EN ANNEN
VERDEN ER
MULIG

RAUDT TRENGS PÅ STORTINGET

14. september må Raudt inn på Stortinget for at krigsmotstand og ein ansvarlig klimapolitikk omsider skal bli fremma der. Eit enstemmig Storting står bak at Noreg skal føre krig i Afghanistan. Halvparten av det norske folk er heilt ueinig i dette. Krigsmotstanden blir ikkje fremma på Stortinget dersom ikkje Raudt kjem inn ved valet. Den raudgrøne regjeringen har satt noresrekord i utvinningstillatelse for olje og gass. Eit enstemmig storting vedtok i juni at området rundt Jan Mayen skulle opnas for petroleumsvirksomhet. Ingen stemte mot. Uten Raudt på Tinget blir ikke den vaksende petroleumsmotstanden ført inn i voteringene på Stortinget. **Dei viktigste spørsmålene i vår tid krever Raudt på Tinget 14. september!**



3. KANDIDAT - TERJE KOLLBOTN

Terje Kollbotn er bygg- og anleggsarbeidar ved Norsk Vasskraft- og Industristad-museum i Tyssedal. Han er gruppeleiar Raudt, Oddas neststørste parti. Terje har hatt mange faglege tillitsverv innan LO i over 30 år, og er no leiar i LO i Indre Hardanger.



4. KANDIDAT - CHICU ALI

Chiku Ali arbeidar som innvandringskonsulent i Bergen kommune. Chiku er ei av Noregs mest markante talskvinner mot kjønnslemlesting og har i ei årrekkje jobba mot kjønnslemlesting og tvangsekteskap. For Chiku er inkludering og mangfald særleg viktig.



MED HJARTE PÅ RETTE STADEN

Kan du namnet på ein stortingsrepresentant frå hordaland som har gjort jobben sin? Det er eit stort problem at fylkets representantar på løvebakken ikkje gjer seg bemerkta og tek opp dei sakene som er viktig for folk i Hordaland. Vi er bompengefylket nummer ein fordi staten ikkje finansierer vegane dei har plikt til. Helse Vest er får mindre pengar enn dei andre helseforetaka. På stortinget vil Raudt vere ein sterk røyst for heile fylket - frå Etne til Radøy.

Vår stortingsgruppe består av ulike menneske med ulike kvalitetar: Terje Kollbotn vil vere ivrig talsmann for sunnhordaland og for å bevare den miljøvennlege industrien. Lonemann vil arbeide for rensing gasskraftverka på Mongstad. Chiku Ali ikkje gje regjeringa fred før dei innfører ein human asylpolitikk. Og Torstein Dahle skal gje deg sanninga bak partias vanskelege reknestykker og avsløre snusk og korrupsjon i Stortingsgangane. Hordaland er Noregs nest største fylke. No er det på tide at vi får ein stortingsrepresentant med hjartet på rette staden!



DIFOR RAUDT:

- NOREG UT AV AFGHANISTAN
- KRISEPAKKER TIL FOLK, IKKJE BANKER
- TRYGG OG VERDIG ALDERDOM
- SJUKEHUS ER IKKJE BUTIKKK